

# NINA Rapport 187

## Effektar av motorferdsel i utmark på natur, folk og samfunn Ein kunnskapsstatus

Odd Inge Vistad (red.)  
Dagmar Hagen  
Ole Reitan



# NINAs publikasjoner

## **NINA Rapport**

Dette er en ny, elektronisk serie fra 2005 som erstatter de tidligere seriene NINA Fagrapport, NINA Oppdragsmelding og NINA Project Report. Normalt er dette NINAs rapportering til oppdragsgiver etter gjennomført forsknings-, overvåkings- eller utredningsarbeid. I tillegg vil serien favne mye av instituttets øvrige rapportering, for eksempel fra seminarer og konferanser, resultater av eget forsknings- og utredningsarbeid og litteraturstudier. NINA Rapport kan også utgis på annet språk når det er hensiktsmessig.

## **NINA Temahefte**

Som navnet angir behandler temaheftene spesielle emner. Heftene utarbeides etter behov og serien favner svært vidt; fra systematiske bestemmelsesnøkler til informasjon om viktige problemstillinger i samfunnet. NINA Temahefte gis vanligvis en populærvitenskapelig form med mer vekt på illustrasjoner enn NINA Rapport.

## **NINA Fakta**

Faktaarkene har som mål å gjøre NINAs forskningsresultater raskt og enkelt tilgjengelig for et større publikum. De sendes til presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivå, politikere og andre spesielt interesserte. Faktaarkene gir en kort framstilling av noen av våre viktigste forskningstema.

## **Annen publisering**

I tillegg til rapporteringen i NINAs egne serier publiserer instituttets ansatte en stor del av sine vitenskapelige resultater i internasjonale journaler, populærfaglige bøker og tidsskrifter.

**Norsk institutt for naturforskning**

**Effektar av motorferdsel i utmark på  
natur, folk og samfunn**

**Ein kunnskapsstatus**

Odd Inge Vistad (red.)

Dagmar Hagen

Ole Reitan

Vistad, O.I. (red.), Hagen, D. & Reitan, O. 2007. Effektar av motorferdsel i utmark på natur, folk og samfunn. Ein kunnskapsstatus. -  
NINA Rapport 187. 54 s.

Lillehammer og Trondheim, juni 2007

ISSN: 1504-3312  
ISBN 10: 82-426-1745-7  
ISBN 13: 978-82-426-1745-3

RETTIGHETSHAVER  
© Norsk institutt for naturforskning  
Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse

TILGJENGELIGHET  
Open

PUBLISERINGSTYPE  
Digitalt dokument (pdf)

REDAKSJON

KVALITETSSIKRET AV  
Forskingssjef Børre K. Dervo

ANSVARLIG SIGNATUR  
Forskingssjefane Børre K. Dervo og Inga Bruteig (sign.)

OPPDRAKGIVER(E)  
NIBR og NINA

KONTAKTPERSON(ER) HOS OPPDRAGSGIVER  
I NIBR: Terje Kleven, I NINA: forfattarane

FORSIDEBILDE  
Isfiske og snøskuter. Foto: Børre K. Dervo

NØKKELORD  
- ATV, snøskuter, vegetasjon, fauna, friluftsliv, slitasje, uroing, støy, helse, ulykker, turisme, konflikt.  
- Kunnskapsoversikt.

#### KEY WORDS

- ATV, snowmobile, vegetation, fauna, outdoor life, impacts on nature and society, disturbance, noise, health, accidents, tourism, conflicts.  
- State of knowledge.

#### KONTAKTOPPLYSNINGER

**NINA Trondheim**  
NO-7485 Trondheim  
Telefon: 73 80 14 00  
Telefaks: 73 80 14 01

**NINA Oslo**  
Postboks 736 Sentrum  
NO-0105 Oslo  
Telefon: 73 80 14 00  
Telefaks: 22 33 11 01

**NINA Tromsø**  
Polarmiljøsenteret  
NO-9296 Tromsø  
Telefon: 77 75 04 00  
Telefaks: 77 75 04 01

**NINA Lillehammer**  
Fakkelgården  
NO-2624 Lillehammer  
Telefon: 73 80 14 00  
Telefaks: 61 22 22 15

<http://www.nina.no>

# Samandrag

Vistad, O.I. (red.), Hagen, D. & Reitan, O. 2007. Effektar av motorferdsel i utmark på natur, folk og samfunn. Ein kunnskapsstatus. - NINA Rapport 187. 54 s.

## Effektar på vegetasjon og terreng

Terregnkøring på barmark er den motorferdselaktiviteten som gjev klart mest skade på vegetasjon og landskap. I tillegg kan ferdsel med snøskuter i periodar eller i område med lite snø eller på tunt mark medføre vegetasjonsskadar. Vegetasjonen sin evne til å motstå påverknad utan å bli øydelagt eller påverka blir kalla *silitestyrken*. Eit økosystem eller vegetasjonsdekke har evne til å hente seg inn etter inngrep, dvs. til *regenerering*. Område eller vegetasjonstypar med låg silitestyrke og liten regenereringsevne er spesielt sårbare i høve til mekanisk påverknad.

Skaden på vegetasjon og terren oppstår når belte eller hjul slit på overflata og grev seg gjennom vegetasjonsdekket. Motorferdsel kan påverke vegetasjonsdekke på ulikt vis. Om det vil oppstå ein skade, eller kor omfattande skaden blir, er avhengig av ei rekke svært ulike faktorar. Nokre faktorar er relatert til sjølve køyringa, medan andre er avhengige av miljøforholda der køyringa skjer. Effektane varierer med tidspunkt for køyringa, køyretøytype, aggressivitet i køyringa, køyreomfang og kor i terrenget køyringa føregår. Miljøforholda og dei økologiske tilhøva på lokaliteten er også avgjeraende for kva slag effektar køyringa vil medføre. Generelt har fuktige vegetasjonstypar på fin jord lågast silitestyrke, medan tørr fjellvegetasjon på grovt substrat har dårligast regenereringsevne. Vegetasjonstypar i fjellet er sårbare.

Målte effektar av køyreskadar er svært avhengig av belastningsgrad eller slitasjenivå. Ved begynnande eller moderat slitasje er endringar i artssamsetjing eller dekning av enkeltartar målbart. Område med omfattande køyreskadar er prega av jorderosjon og blottlegging av jord, humus og minerogent substrat. I område med høg naturverdi kan også små effektar ha stor konsekvens. Rapporten skisserer førebyggande og avbøtande tiltak som reduserer negative effektar av motorferdsel. Det er eit klart kunnskapsbehov knytt til planlegging, utforming, gjennomføring og evaluering av slike tiltak.

## Effektar på fauna

Den motorferdselen som gjev størst påverknad og effekt på dyrelivet ser ut til å vere luftfartøy. Vidare er snøskuter og truleg også barmarksøring – i periodar med hekking og yngling – ein særleg stor trussel mot både pattedyr og sårbare fugleartar. I vassdrag og innsjøar er motorferdsel på vatn særleg ein trussel mot samlingar av sårbare vassfuglartar.

Det er mykje fokus på villrein, og reinen ser ut til å vere sårbare på relativt lang avstand frå uringa. Fjellreven er truleg også særleg sårbare. Sårbare fugleartar finn ein både i alpine område og i våtmarker, og særleg rovfuglar vert negativt påvirka av motorferdsel nær hekkeplassane. Andre dyregrupper enn pattedyr og fuglar vert truleg også påvirka. Dette er viktig når ein skal vurdere konsekvensane for det biologiske mangfoldet.

Ein viktig faktor for kva effektar og konsekvensar motorferdsel får for dyr er kor sårbare dei er; dette varierer mykje mellom artar og dyregrupper. Garden av påverknad er avhengig av ei rekke faktorar. Sjølve køyretøyet ser ut til å ha lita tyding, medan faktorar knytt til bruken har stor tyding. Og det er ulike effekt av om køyretøyet er i lufta, på bakken, på snø eller i vatn. Viktig elles er tidspunktet for køyringa, omfang av køyringa og fordelinga i landskapet, og oppførelsen til menneska på og utanfor køyretøya.

Effektar på individ er relativt enkle å måle, t.d. ved å måle responsavstandar for dyr (artar, populasjonar) ved ulike typar menneskeleg aktivitet. Responsavstanden er ulik mellom både artar, typen køyretøy og bruken av køyretøyet.

Å førutse effektar og konsekvensar av uroing kan vere vanskeleg, då det er mange faktorar som påverkar kva effektar som er viktige, og kor store effektane vil vere. Det er klare kunnaksbehov knytt til tiltak som kan redusere negative effektar av motorferdsel.

## **Effektar på folk og samfunn**

Det er påvist regionale kulturskilnader i korleis nordmenn tenkjer om og trivst med motorferdsel i utmark. Dessutan finst det verdiskilnader knytt til naturbruk og motorferdsel – meir frikopla frå regional og demografisk tilknyting. Dette gjev seg utslag i ulike haldningar til liberalisering av regelverket. Det gjev seg også utslag i kva konfliktar som oppstår pga. av motorferdsel i utmark. I Noreg er det særleg dei sosiale konfliktane kring bruk av snøskuter som har fått merksamd, fordi det der har kome sterkest ønske om å opne for rekreasjonskøyring. Både her, og der rekreasjonskonfliktar er studert elles i verda ser ein fenomenet asymmetri: Moderne, farts- og utstyrsprega og kanskje særleg motoriserte aktivitetar (døme: snøskuterkøyring) irriterer utøvarar av tradisjonelle, lågintense aktivitetar (døme: skigåing), men irritasjonen går i liten grad andre vegen. For å takle slike konfliktar er det viktig å forstå om det dreiar seg om målkonfliktar eller verdikonfliktar. Målkonfliktar får ein når motstridande mål og forventningar "kollderer" i terrenget. Desse kan ein i større grad kome ut av gjennom god planlegging og tilrettelegging (ofte ved å skilje grupper i tid eller rom). Verdikonfliktar er meir fundamentale og difor verre å løye eller fjerne.

Det er dårleg med norsk statistikk på medisinske effektar av ulike typar motorferdsel i utmark – det gjeld både ulykker (dødsfall, skadar, årsaker) og andre kroppslege effektar av slik motorbruk. Internasjonal forsking og statistikk syner høge ulykkestal (særleg om ein relaterer til omfanget av slik køyring, og særleg for unge gutter, og ofte under alkoholpåverknad). Det finst omfattande internasjonal medisinsk forsking om effektar på kroppen av terrengkøyretøy. Den påviser rygg/nakke-/armproblem pga. risting, køyrestilling, terrem etc. Støy kan gje sjølvsagt gje høyrselsskade, men dette er sjeldan knytt til motorferdsel i utmark i seg sjølv. Utmarksproblemet med støy må ein sjå i samanheng med at mange er støyplaga i arbeid og bamiljø og difor søker ro i fritida / friluftslivet. Det er påvist generell samanheng mellom støy og høgt blodtrykk, hjarteanfarkt, svevnøyse mm. I tillegg kjem den individuelle irritasjonen over motorstøy, som er særleg relevant i samband med fritid. Men støy er vanskeleg både som forskings- og forvaltingstema, nettopp fordi det er så store individuelle skilnader i kva som irriterer og kvifor. Svært mange faktorar samverkar – både knytt til person og til situasjon.

Det er udiskutabelt at mange trivst med å bruke motorkøyretøy i naturen i fritida. M. a. difor kan mange land og regionar påvise store positive økonomiske effektar av tilrettelegging for motorferdsel i naturen – særleg i form av reiselivsprodukt (t.d. Canada, USA, Svalbard, Sverige, Finland). Difor kan t.d. skuterturisme vere viktig i eit distriktsøkonomisk perspektiv, i tillegg til arbeidsplassar knytt til sal og vedlikehald av terrengkøyretøy. Men motorturisme let seg vanskeleg kombinere med fred-og-ro-turisme – desse formene må skiljast i tid eller geografisk.

Odd Inge Vistad ([oddinge.vistad@nina.no](mailto:oddinge.vistad@nina.no)), NINA, Avd for naturbruk, Fakkelgården, 2624 Lillehammer

Dagmar Hagen ([dagmar.hagen@nina.no](mailto:dagmar.hagen@nina.no)) og Ole Reitan ([ole.reitan@nina.no](mailto:ole.reitan@nina.no)) NINA, Terrestrisk avd. Tungasletta 2, 7485 Trondheim

## Abstract

Vistad, O.I. (ed.), Hagen, D. & Reitan, O. 2007. Impacts from off-road motor traffic on nature, people and society. A state-of-knowledge. - NINA Report 187. 54 pp.

### Impacts on ground, vegetation and animal life

Motor traffic makes imprints, not only as physical ruts, but also as tangible impacts on animals, humans and society. However, research in this is scant and not particularly recognized on the research agenda. Knowledge on impacts, consequences and mitigating measure is too fragmented to judge the wide range of possible impacts from motor traffic on uncultivated areas. This report gives a summary of existing knowledge, but can only offer a rather limited picture. The most visible effects of off-road traffic come out from driving on bare ground with ATVs and similar vehicles. The fast growing number of vehicles and the extensive potential for damage make regulation of motoring on bare ground a particularly important issue. Vegetation and landscape are clearly and visibly affected. Due to their ability to negotiate even extremely broken terrain, these vehicles may cause considerable permanent damage on vulnerable nature. Vehicles may cause harm to the vegetation cover in different ways. Impacts and consequences are dependent on the ecological and environmental conditions of the actual area as well as factors related to the time and mode of driving, and the type of vehicle. The impacts of driving on bare ground will depend on the characteristics of the soil and the mix of species along the trail. Areas with great damage to the vegetation cover will show significant soil erosion and exposure of the humus layers. In areas of high natural values even small disturbances from motor traffic may have considerable consequences. On a small scale, preventive measures and post fact mitigation, like the provision of mats and log-bridges, have been tested. Applies on a big scale, such measures prove, however, would be extremely costly. The most severe impacts on animal life seem to be caused by aircrafts and helicopters. Also snowmobiles and ATVs may have harmful impacts during critical periods of reproduction. The vehicle in itself seems to be of less importance compared to the mode in which it is used. The prediction and assessment of impacts and consequences of off-road motor traffic is not a much researched topic. Some studies have been conducted on the effect on wild reindeer and caribou. Reindeer seem to be vulnerable to exposure even at long distances from the disturbance. The same goes for artic fox and raptorial birds when disturbed close to their nesting places. In general, regulative measures to reduce damages and disturbances caused by motor vehicles may be directed towards reducing the volume of traffic, zoning and channelling of traffic to avoid vulnerable areas and habitats, and concentrating traffic to areas with higher degrees of robustness and resilience.

### Impacts on humans and society

There are typical regional differences in how Norwegians think of, like or dislike motorised traffic in the nature. There are also more general and fundamental value differences across regions in peoples' opinion on how the regulations on motor traffic – in particular on snowmobiling – should be understood and implemented. Local conflicts are often fumed by differences in opinions on arguments voiced by certain groups that the restrictions on the use of snowmobiles for recreation should be lifted. These conflicts are often characterised by *asymmetry*. Motorised activities are disliked more intensely by people seeking traditional outdoor recreation, e.g. cross country skiing, than skiers are regarded as an annoyance to snowmobilers. Such conflicts literally "collide" in the nature. Conflicts are often related to differences in perceptions of noise and nuisance. People seeking silence and tranquillity in the nature often do that to escape noise as a major daily problem. Although studies show a general connection between noise and increased blood pressure, heart infarct and sleeplessness, the major source of conflict is one of individual irritation caused by engine noise. Consequences of being exposed to noise are, however, a very complex research area as the perception of noise is highly individ-

ual and also, to a large extent, dependent on situation and context. Many people are attracted to the use of snowmobiles and other types of vehicles in their spare time. Wishes to open up for recreational use of snowmobiles are strongly voiced in some parts of the population, particularly in some rural areas. In some countries, tourism based on snowmobiling gives significant economic gains to the region. A similar argument is used in the Norwegian debate. Although having a potential for economic development, a conflict with traditional, "silent" outdoor tourism will still have to be resolved.

Odd Inge Vistad ([oddinge.vistad@nina.no](mailto:oddinge.vistad@nina.no)), NINA, Division for Human-Environment Studies, Fakkelgården, NO-2624 Lillehammer, Norway

Hagen, D. ([dagmar.hagen@nina.no](mailto:dagmar.hagen@nina.no)) and Reitan, O. ([ole.reitan@nina.no](mailto:ole.reitan@nina.no)), NINA, Terrestrial division, Tungasletta 2, NO-7485 Trondheim, Norway

# Innhold

<b>Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>Abstract .....</b>	<b>5</b>
<b>Innhold.....</b>	<b>7</b>
<b>Forord .....</b>	<b>9</b>

## 1 EFFEKTAR AV MOTORFERDSEL I UTMARK PÅ VEGETASJON OG TERRENG

<b>Av Dagmar Hagen.....</b>	<b>10</b>
1.1 Motorferdsel og vegetasjon.....	10
1.2 Sårbar vegetasjon - slitestyrke og regenereringsevne .....	11
1.3 Korleis motorferdsel påverker vegetasjon og terrenget? .....	12
1.3.1 Forhold knytta til sjølve kjøringa .....	12
1.3.2 Forholda på lokaliteten der kjøringa foregår .....	15
1.4 Kva er effektane av motorferdsel på vegetasjon og terrenget? .....	18
1.4.1 Effektar på ulik skala .....	18
1.4.2 Kva for endringa kan målast? .....	19
1.4.3 Kva for konsekvensar har dei målte endringane? .....	20
1.4.4 Konsekvens er avhengig av verdi.....	21
1.5 Forslag til tiltak for å redusere negative effektar av motorferdsel.....	21
1.5.1 Tiltak retta mot sjølve kjøringa.....	22
1.5.2 Tiltak retta mot lokalitetane som blir påverka .....	22
1.5.3 Kunnskapsbehov .....	23
1.6 Referansar vegetasjon .....	24

## 2 EFFEKTER AV MOTORFERDSEL I UTMARK PÅ FAUNA

<b>Av Ole Reitan .....</b>	<b>26</b>
2.1 Motorferdsel og dyreliv.....	26
2.2 Materiale og metode i denne utredningen.....	26
2.3 Begreper brukt i denne delen .....	27
2.4 Dyreliv og sårbarhet .....	27
2.4.1 Ulike dyregrupper og -arter har ikke samme sårbarhet .....	27
2.4.2 Sårbarhet er ulikt for individ og bestander .....	28
2.4.3 Variasjon i sårbarhet og toleranse mellom ulike arter og individer .....	28
2.4.4 Variasjon i sårbarhet gjennom året, livssyklus og biotoper .....	28
2.5 Motorferdsel som påvirkning på dyr .....	28
2.5.1 Kjøretøyets betydning.....	29
2.5.2 Bruken av kjøretøyet .....	29
2.5.3 Menneskene på og utenfor kjøretøyene .....	31
2.6 Effekter av motorisert ferdsel i utmark for dyrelivet .....	32
2.6.1 Responser hos dyreliv til påvirkninger generelt .....	32
2.6.2 Effekter på ulike skalaer .....	34
2.6.3 Unnvikelse, tiltrekning og tilvenning hos individer .....	34
2.6.4 Effekter på individer kan måles direkte .....	35
2.6.5 Effekter på bestander .....	37
2.6.6 Effekter på biomangfold .....	37
2.7 Hva kan vi si om konsekvenser for dyreliv i Norge? .....	38
2.8 Forebyggende og avbøtende tiltak.....	38
2.9 Referanser fauna .....	39

### 3 EFFEKTAR AV MOTORFERDSEL I UTMARK PÅ FOLK OG SAMFUNN

<b>Av Odd Inge Vistad.....</b>	<b>41</b>
3.1 Motorferdsel og samfunn. Kort innleiing .....	41
3.2 Kulturskilnader og ulike haldningar til naturbruk og motorisert aktivitet.....	41
3.3 Konfliktar og interessegrupper .....	42
3.3.1 To konfliktmodellar .....	43
3.4 Ulykker og medisinske skadar.....	45
3.4.1 Ulykker .....	45
3.4.2 Annan fysisk helseeskade .....	46
3.5 Oppleving av støy – den største konflikten? .....	47
3.6 Støy i friluftsområde og verneområde.....	48
3.7 Økonomiske effektar .....	49
3.8 Oppsummering – korleis handtere konfliktar og asymmetri? .....	51
3.9 Referansar folk og samfunn .....	53

## Forord

Hausten 2006 vart prosjektet "Motorferdsel og Samfunn" (MoSa) slutført. Norsk Institutt for By- og Regionforskning (NIBR) hadde ansvar for prosjektet (på oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning) og det vart slutført med to rapportar.<sup>1</sup> Den fyrste av dei to rapportane var fyrst og fremst eit kunnskapsgrunnlag, m.a. om effektar av motorferdsel i utmark på natur, folk og samfunn. NINA fekk ansvaret for å samle og presentere dette effekt-stoffet, og arbeidet vart utført av Dagmar Hagen, Ole Reitan og Odd Inge Vistad. Pga. av stramme plassrammer i NIBR-rapporten vart både kunnskapspresentasjonen og referanselistene korta inn.

I denne NINA-rapporten har vi difor valt å presentere dei same effekt-tema som i NIBR-rapporten, men i ein noko fyldigare versjon og med utbygde referanselister.

Kvar forfattar har skrive på sitt målføre. Det har gjeve to tekstar på nynorsk og ein på bokmål. Og dette er heilt i tråd med redaktørens språkbländingsideal. Derimot har redaktøren tatt seg den fridomen å lage eit felles nynorsk samandrag; språkblanding er ikkje det same som kaos!

Vi vil takke spesielt Terje Kleiven og kollegaene hans i NIBR for godt samarbeid i MoSa-prosessen. Og så vil forfattarane takke kvarandre for at vi tok ein ekstra-dugnad og fekk denne rapporten i mål, etter at oppdraget for NIBR og DN var slutført!

Trondheim og Lillehammer, i slutten av juni 2007

Dagmar Hagen,  
Ole Reitan,  
Odd Inge Vistad, prosjektleiar og redaktør.

---

<sup>1</sup> Kleiven, T. (red.), Hagen, D., Reitan, O., Saglie, I.-L., Tennøy, A. & Vistad, O.I. 2006. Motorferdsel i utmark – omfang, erfaringer og effekter. Rapport 1 fra "Motorferdsel og samfunn" (MoSa). NIBR-rapport 15. 181 s.

Kleiven, Terje (red.), Inger-Lise Saglie og Aud Tennøy 2006. Revisjon av motorferdselsloven - verdier, interesser og veivalg. Rapport II fra "Motorferdsel og samfunn" (MoSa). NIBR-rapport 16. 89 s.

# 1 EFFEKTAR AV MOTORFERDSEL I UTMARK PÅ VEGETASJON OG TERRENG

**Av Dagmar Hagen**

## 1.1 Motorferdsel og vegetasjon

Terrengskader i form av dype kjørespor og øydelagde myrer er ein veldokumentert effekt av motorferdsel i terrenget. Denne effekten er godt synleg, og det er ei sameint, generell oppfatning at slike skader er ein uønska konsekvens av auka motorferdsel i utmark.



*Det typiske skremmibiletet på uønska effektar av motorferdsel i utmark. Foto: H. Tømmervik.*

Men temaet motorferdsel og vegetasjon er meir nyansert enn dette skremmibiletet, og for å gå inn i forvaltningsmessige sider av motorferselpromematikken må dette vurderast breiare. Sentrale problemstillingar er:

- Ulike former for motorferdsel medfører ulike typar effektar – kva er sentrale faktorar?
- Ulike vegetasjonstypar eller landskap har ulik toleranse for påverknad og blir påført ulike typar effektar – kva er dei mest sårbare områda?
- Det kan registrerast konkrete effektar på planteartar, vegetasjon, fysisk miljø og økologi som resultat av motorferdsel. Kva tydning har desse målte endringane, og kva for konsekvensar har dei for handheving av praktisk motorferdselforvaltning?

Motorferdsel i utmark er ein mangfaldig aktivitet, og langt frå all ferdsel påverker vegetasjon eller terrenget. Denne delen av rapporten fokuserer på motorferdselen som har direkte eller indirekte målbar effekt på vegetasjon og terrenget.



*Kjørespor kan være ei påminning om tradisjonell bruk, og være eit positivt element i landskapet.* Foto: D. Hagen.

Kjøreskader som oppstår ved terregnkjøring på barmark er den aktiviteten som medfører klart størst trussel for vegetasjon og landskap. I tillegg kan ferdsel med snøskuter i periodar med lite snø eller på fint mark, samt kjøring på snøfattig mark være ein trussel. Terregnkjøring kan gje direkte skader i form av synlege kjørespor eller ødelagt vegetasjonsdekke, og sekundære effektar i form av endra dreneringsmønster, avrenning og erosjon. Eksos frå kjøring langs faste trasear gjev utslipp som lokalt kan påverke planter og jord. Bruk av motorkjøretøy vil auke akjonsradiusen, og medføre auka ferdsel til fjerne område. Dette kan lokalt medføre trussel mot spesielle, sårbare eller verdifulle lokalitetar. Effekt av andre typar motorisert aktivitet, som småfly, båt og helikopter er å rekne som marginale for vegetasjon og planter. Men lokalt kan vassvegetasjon bli påverka av aktivitet langs land og på små vatn, og det er fleire sjeldne planteartar og trua vegetasjonstypar knytta til denne typen miljø i Norge.

## 1.2 Sårbar vegetasjon - slitestyrke og regenereringsevne

Slitestyrke og regenereringsevne er sentrale egenskapar for å karakterisere sårbar vegetasjon i høve til slitasje. Ulike vegetasjonstypar reagerer ulikt på mekanisk påverknad. Vegetasjonstypen sin evne til å motstå påverknad uten å bli øydelagt eller påverka blir kalla *slitestyrken*. Avbøtande eller førebuande tiltak kan betre slitestyrken, og dermed redusere omfanget av vegetasjonsslitasje. Slitestyrken er mellom anna avhengig av jordstruktur, vassinnhald, terregnoverflate og artssamansetjinga

Både økosystem og vegetasjonsdekke har evne til sjølvrestaurering eller *regenerering* etter påverknad, dvs. gjenvekst etter inngrep. Tempoet og graden av sjølvrestaurering/gjenvekst varier mykje, avhengig av faktorar som klima, jordtilhøve, artsamansetjing og typen og graden av slitasje (sjå til dømes Hagen 2003b). For nokre vegetasjonstypar er det nok å stoppe påverknaden ein periode og så vil naturleg gjenvekst gjenopprette vegetasjonsdekke. For andre vegetasjonstypar vil slitasje gje sekundære effektar og skaden blir verre over tid dersom det ikke blir sett i verk aktive restaureringstiltak. Område med liten slitestyrke kan ha høg regenereringsevne dersom påverknaden opphører, som til dømes flate, fuktige område. Andre områ-

de kan ha betre slitestyrke, men svært dårlig regenereringsevne, som til dømes tørre vegetasjonstypar. Nokre vegetasjonstypar har både dårlig slitestyrke og svak regenereringsevne, som til dømes myr i hellande terren og tørr rabbevegetasjon på grovt substrat. Desse kan reknast som spesielt sårbare i høve til motorferdsel.



*Kjørespor på tørr sandjord har harva opp det tynne vegetasjonsdekket. Erosjon i overflata hemmer naturleg gjenvekst. Vegetasjonen her har liten slitestyrke og låg regenereringsevne.*  
Foto: D. Hagen.

Bruk av aktive tiltak for å få tilbake vegetasjon i eit område med slitt eller ødelagt dekke kallar vi restaurering eller revegetering. Både vitskapeleg og praktisk kunnskap er nødvendig for å gjennomføre revegeteringstiltak, og det er ikkje alltid eintydig kva som er vellukka revegetering (Hagen 2003a, Hagen et al. 2002). For langsiktig områdeforvaltning må det være eit mål å unngå eller minimalisere vegetasjonsskader, slik at ein slepp å sette i verk revegeteringstiltak. Slike tiltak kan være svært dyre og tidkrevjande, og for ein del vegetasjonstypar finst det få, eller ingen gode metodar for etablering av ny vegetasjon. Det er gjort ein del vitskapelege og praktiske forsøk med etablering av ny vegetasjon i sårbare område i Norge (til dømes Hagen 1994, Hagen 2005, Jakobsen 1998, Nordberg et al. 1998).

## 1.3 Korleis motorferdsel påverker vegetasjon og terren?

Motorferdsel kan påverke vegetasjonsdekket, men om det oppstår skade, eller omfanget av skaden er avhengig av ei rekke svært ulike faktorar. Nokre faktorar er relatert til sjølvé kjøringa, medan andre er avhengige av miljøforholda der kjøringa blir gjennomført. Enkelte av desse faktorane, og delvis også samanhengen mellom dei, er heilt sentrale for å kunne vurde effektar av motorferdsel.

### 1.3.1 Forhold knytta til sjølvé kjøringa

I utgangspunktet er all motorferdsel i utmark forbode (jfr. Lov om Motorferdsel i utmark og vassdrag). Det finst ei rekke unntak frå dette prinsippet, regulert i form av unntak frå lova og ulike forskrifter (sjå gjennomgang i Skår & Vistad 2001). Dette medfører at det i dag foregår dels omfattande motorferdsel i utmark til ulike årstider, med ulike formål og med ulike typar kjøretøy.

Skaden på vegetasjon og terren oppstår når belte eller hjul slit på overflata og grev seg gjennom vegetasjonsdekket. Generelt vil all kjøring ute i terrenget påverke vegetasjonen, men skadeleietet varierer mykje.

### Tidspunkt for kjøringa

Vegetasjonen er mest sårbar for påverknad vår og haust. Då er det høgast vassinnhald i jorda og vegetasjonen er i etablerings- eller avslutningsfasen. Vegetasjonen er minst utsett for kjøreskader når marka er både snødekt og frossen. Dette inneber at ved normal og lovleg bruk av kjøretøy i utmark er det terrenskjøretøy på sommarføre som representerer den største påverknaden på vegetasjon og terengoverflata.

Snøen isolerer mellom kjøretøyet og overflata, og jorda tåler større trykk når ho er frossen. Kjøring på snødekt mark kan imidlertid påverke avsmeltinga, ettersom snøen smeltar seinare langs ein hardpakka trase, og det kan bli danna ei iskappe i kjøresporet. Forsøk viser at skuterkjøring har effekt på smelteforløp om våren. Temperaturen i laget mellom snøen og jordoverflata under sterkt trafikkerte skuterløyper er fleire grader lågare enn i området utanfor løypa (Pesant 1987).

Det finst ikkje systematiske studier frå Norge som viser effektar av vinterkjøring for framsmeltningstidspunkt, vassinnhald, temperaturtilhøve i jorda eller effektar på vegetasjon, men det var gjennomført ein relevant studie i Sverige på 1970 talet (Kjellin 1977). Kjøring på vinterføre kan gje mekaniske skader på dvergbjørk og vier i lynchhei og dvergbjørkhei, primært som resultat av den direkte kontakten mellom skuter og buskene. Skadene oppstår gjerne i samband enkeltkjøringar tidleg i sesongen når det er lite snø. Vedvarande kjøring utover sesongen forverrar ikkje denne effekten i særleg grad. Det er ikkje påvist mekaniske skader av vinterkjøring på grasmyr, truleg fordi myra er beskytta av ei iskappe. Det er ein tendens til at vedvarande kjøring gir auka negativ effekt på feltsjiktet, både ved sommar- og vinterkjøring. Det er ikkje muleg å foreslå ei minimum snødjubde for å tillate kjøring som tiltak for å unngå skader, ettersom strukturen på snøen er avgjerande for effekten av kjøringa.



*Her er skutersesongen forlenga til etter snøsmelting. Foto: D. Hagen.*

Forveda arter som overvintrar med overjordiske knoppar og skott er sårbar for vegetasjonskader om vinteren. Urter og gras overvintrar med rotsystemet, og er minst sårbar for påverknad gjennom vinteren. Grasartane har i tillegg vekstpunktet nede ved bakken, og kan vekse vidare sjøl om overjordiske delar blir skada i løpet av sommaren (Nisja 1988, Tømmervik et al. 2005)

## Kjøretøytype og kjøremønster

Det er gjennomført fleire studier i Norden som ser på korleis ulike kjøretøytyper påverker vegetasjon og mark, spesielt retta mot skogsmaskiner og skogsdrift. For å redusere terrenngskadene blir det generelt tilrådd bruk av kjøretøy med minst muleg marktrykk og med mest lik fordeling av drivkraft på alle hjul (Naturvårdsverket 1997, Staaland & Larsson 2002). Generelt vil tunge beltekjøretøy alltid medføre fare for vegetasjonsslitasje og 6-hjulingar kan ha same effekt i sårbare marktyper. I skogsmark gir breie dekk mindre markskade enn smale dekk (Staaland & Larsson 2002).

Kjøring med snøskuter på ikkje-snødekt mark er påvist å ha dramatisk effekt på vegetasjonsdekke og øvre jordlag, i form av oppharving av overflata og fare for påfølgande erosjon (Kjellin 1977, Overrein 2002). Lavdominerte rabbar er mest sårbar for slike skader (Tømmervik et al. 2005).

Det er gjennomført systematisk samanlikning av skader etter bruk av 6-hjulingar og 4-hjulingar i regi av forsvaret. Her vart det konkludert med at 4-hjuling medfører mindre skade på terrenget, primært fordi 6-hjulingane er større og har faste akslinger. Den reduserte lasteevnen til 4-hjulingen kan kompenseras med bruk av tilhengar, og det er vist at skader etter 4-hjuling med tilhengar er mindre enn skader frå 6-hjuling (med mindre tilhengaren er svært tungt lasta) (Jacobsen et al. 2004).

Forsøk med ulike typar traktorkjøretøy på oppdyrka myrjord viser at kjøring har negativ effekt på grasveksten og fører til jordpakking (Lindberg 1991). Den reduserte veksten er truleg både effekt av jordpakkinga og direkte skader på plantene som resultat av kjøringa. Dekktype og dekkmønster påverkar også graden av jordpakking og sporskader, og truleg har dette sambandet med sportype, arealet på kontaktfleta mellom dekk og jord og kor stive dekka er (Lindberg 1991). Finmønstra dekk med avlange lamellar og lågt lufttrykk gir generelt minst slitasje.

Kjøremønsteret kan forverre skadeomfanget i bratte skråningar. Ved kjøring i kupert terrenget er det naturleg å kjøre jamt på flatmark, og gje gass i botn av bakken. Dette kan føre til at vegetasjonsdekket blir oppharva og jorda løsnar i overflata. Erosjon nederst i bakken vil redusere stabiliteten lengre oppe i skråninga og kan medføre meir omfattande skader over tid. Aggressiv kjøring, dvs. krappe svingar og ujamn fart, medfører større markskader enn jamn og roleg kjøring. Ved auka akselerasjon vil hjula ta tak i underlaget og vegetasjonen blir harva opp.

## Omfang og fordeling av kjøringa i landskapet

Det finst døme på at ein enkelt eller eit fåtal passasjarar er nok til å gje synlege effektar på vegetasjon og overflate i både tørr hei og fuktig grasmyr. Slike skader kan forblifte synlege over svært lang tid, og delvis forverra (f. eks. Renman 1989, Råheim 1992). Det er også registrert skader på frodig buskevegetasjon etter ei kjøring på vinterføre (Kjellin 1977).

På sommarføre vil vedvarande kjøring generelt gje forverra vegetasjonsskader. Vegetasjontypen sin slitestyrke er avgjerande for kor mange kjøretøy som kan passere før det oppstår skade på vegetasjonsdekke. Dersom kjøringa blir gjennomført i område med god regenereringsevne, til dømes fast grasmark, kan opphold i kjøringa ein periode gje eit godt grunnlag for naturleg gjenvekst. Dvs. dersom kjøring er konsentrert til ein kort periode, og vegetasjonsskadene på slutten av kjøreperioden er moderate og ikkje har ført til erosjon i jordoverflata, kan området ta seg inn igjen i løpet av begrensa tid (til dømes 1-2 vekstsesongar). Dersom kjøringa tek til igjen før vegetasjonsdekket har fått tilbake den opprinnelege slitestyrken, vil effekten av kjøringa bli forverra for kvar sesong.



*Moderate vegetasjonsskader kan ta seg inn dersom kjøringa opphører, men dersom kjøringa har påverka jordsmønn og endra fysisk miljø kan skadene bli forverra over tid. Foto: H. Tømmervik.*

Det er gjennomført ein omfattande studie av kjøremønster i terrenget i samband med forsvarset sin øvingsaktivitet i Troms (Tømmervik et al. 2005). Studien viser at i område med mykje sommarkjøring er det mest spor i høgder i terrenget, medan i område med mest vinterkjøring er det relativt meir kjøring nede i dalane og forsenkningane. Det vart også registrert at rabbar og myrer vart bruka relativt mer enn skog. Dette blir begrunna med den generelle kjøreåtferda med å unngå våte område og ha oversikt i eit ope terrengr.

Kjøring i høgareliggende eller hellande delar av terrenget vil medføre at inngrepa blir godt synlege på lang avstand. Dei estetiske konsekvensane av terrengekader er i mange tilfelle vesentlege, men treng ikkje å ha direkte samanheng med negative effektar for biologisk mangfald.

Motorferdsel aukar tilgjenget til avsidesliggende område, og medfører auka ferdsel og miljøeffektar i område med tradisjonelt lite påverknad. Synlege markskader i slike område har ikkje nødvendigvis større negativ effekt på vegetasjonsdekket eller biologisk mangfald per se, men dersom dette skjer i tidlegare inngrepsfrie område vil slike inngrep ha stor konsekvens fordi området har spesiell verdi (jfr kapittel 1.4.4).

Det er gjort studier som viser at blyinnhald i snøen og i jorda under snøskutesporet aukar med tallet på passeringer (Ferrin & Coltharp 1974). Overgang til blyfri bensin, og meir moderne teknologi reduserer forureininga frå kvart enkelt kjøretøy.

### 1.3.2 Forholda på lokaliteten der kjøringa foregår

Miljøforholda og dei økologiske tilhøva der kjøringa foregår er avgjerande for kva effektar kjøringa vil medføre. Naturleg variasjon i miljøforholda langs ein kjøretrase inneber at effektane kan variere over korte strekningar. Dei forholda som blir diskutert i dette kapitlet omhandlar i all hovudsak barmarkskjøring med terrenggåande kjøretøy.

Ved utarbeiding av modellar for å beregne erosjonsraten under ulike forhold er følgande faktorar inkludert: jordstruktur (stabilitet), hellingsvinkel, lengde på skråninga, vegetasjonsdekning, nedbørsintensitet (Gray & Sotir 1996). Desse faktorane er dermed rekna som dei mest sentrale i høve til effektar av mekanisk påverknad.

### Fysisk miljø (jord, vasstilgang, klima, terrengoverflate)

Det er påvist nær samanheng mellom skadeomfang og bæreevnen til underlaget. Vassinnhaldet i jorda er den viktigaste enkeltfaktoren som påverkar bæreevna, og deretter kjem innhaldet av finstoff (leir og silt) i lausmassane. Dette betyr at slitestyrken er dårlegast på myr og torvdekt mark og våte massar med høgt innhald av finstoff (Tømmervik et al. 2005). Ulike jordtypar har ulik sårbarheit, på same måte som ulike vegetasjonstypar har det. Dvs. jordartane tåler ulik grad av påverknad før dei blir påverka og tek til å erodere. Effekten må oftaast sjåast i samanheng med terrengform og hellingsgrad. Generelt er finkorna substrat mindre stabile enn grovkorna. I grove substrat kan det lett bli avsett spor i overflata, men mangel på finstoff gjer at det i liten grad foregår erosjon utanfor sjølve kjøresporet (Elvebakk & Sørbel 1988).



*I blaut myr kan ein passasje være nok til at det oppstår skade på vegetasjon og endra dreneringsmønster. Foto: H. Tømmervik*

Tørr jord har større motstandsevne mot pakking enn fuktig jord, dvs. den tåler meir trykk før den blir pressa saman. Det er gjort ein god del forsking omkring kjøring på ulike typar jord i landbruksamanheng (Perumpral 1987). Ved kjøring i utmark viser gras- og starrmyrer og urterike plantesamfunn mest spontane og estetisk mest dramatiske skader etter barmarkskjøring. I hellande terrenget der det oppstår avrenning og slitasje er dei mest synlege terrengskadane etter utmarksjkøring. Vegetasjonsendringar på myr skuldast i hovudsak endringar i vassforhold. Også i tørre vegetasjonstypar er det påvist klare endringar i artssamansetjing og vegetasjonsdekning i gamle kjørespor (Tømmervik et al. 2005). Endringar i vegetasjonsforhold i rabbevegetasjon skuldast eit samspel mellom jordsmonnsendringar, mikroklimaendringar og endra konkurranseforhold. Tørre vegetasjonstypar og fjellvegetasjon har generelt lågare regenereringsevne enn fuktig vegetasjon.

Område i nord og opp mot fjellet er generelt sårbare i høve til inngrep. Regenereringsevna er dårleg i område med kort vekstsesong og låge temperaturar (Hagen 2003b). Spesielt område med permafrost er sårbare, og faren for sekundære skader og erosjon er spesielt stor. Sjå eige punkt om permafrost nedanfor.

Dei siste par tiåra er det dokumentert ein generell temperaturauke og forlenga vekstsesong over store delar av landet (<http://projects.itek.norut.no/phenology/no/>, Høgda et al. 2002, Karl-sen et al. 2006). Diskusjonen omkring årsakane til dette er ikkje tema for denne rapporten. Men desse endringane har mellom anna ført til at haustsesongen er forlenga, dvs. det har vore lange snøfrie og telefrie periodar i område der det normalt er snøskutertrasear, på tidspunkt da det tidlegare normalt var frossen mark. Tradisjonelt ferdselemonster fører til at skutesesongen blir starta medan det framleis er tint mark og tynt eller fråverande snødekk. Dette har lokalt medført store terrengskader. Endringer i slitestyrke som følge av klimaendringar må vurderast ved iverksetting og overvåking av tiltak.

## **Vegetasjonstype og artssamansetjing**

Ulike vegetasjontypar har ulike toleranse for inngrep (slitestyrke) og ulik regenereringsevne. Det er to hovedgrunnar til denne variasjonen:

- vegetasjonstypen er eit uttrykk for det fysiske miljøet på ein lokalitet, og sårbarheita til vegetasjonen heng saman med bæreevne og sårbarheit for dei fysiske faktorane
- ulike planteartar har ulik toleranse for mekanisk påverknad.

Vegetasjonstypane er eit uttrykk for gradientar i landskapet. Vegetasjonen er ei skildring av jordtilhøve, geologi, klima, vasstilgang og terrencoverflate på ein lokalitet. Samanhengen mellom fysisk miljø og sårbarheit er diskutert over. Generelt har fuktige vegetasjonstypar på fin jord, som myr, fuktiskog og enkelte engtypar lågast slitestyrke, medan tørre rabbar, lavdominert vegetasjon i skog og fjellvegetasjon på grovt substrat generelt har dårlegast regenereringsevne.

Ulike plantegrupper, eller livsformer, har ulik toleranse mot mekanisk påverknad. Studier frå Troms viser at i myr er det spesielt mosane som går tilbake ved auka slitasje etter terrengkjøring i fuktige vegetasjonstypar, medan talet på karplanter var stabilt (Tømmervik et al. 2005). Dersom myrjorda blir blottlagt, og det ikkje oppstår erosjon, vil det først være algar som etablerer seg. Denne studien viser også at for myr er fuktighetsgradienten meir avgjerande for skadeomfanget enn artssamansetjinga i myra.

Det som først skjer ved kjøring i myr er at torva blir pressa saman, og det blir meir vatn i overflata. Dette fører igjen til at talet på artar går tilbake, men at artar som trivst i fuktigare miljø blir vanlegare. Studien i Troms har også sett på kjøring i rabbevegetasjon (Tømmervik et al. 2005), og viser at auka kjøring fører til redusert vegetasjonsdekning. Det vart ikkje påvist endring i art-santall, men mange artar går tilbake i dekning. Lyngartane blåbær, tyttebær, krekling og blokkebær går tilbake ved auka slitasje, og også lavartene går tilbake. Graset sølvbunke og stivstarr har framgang, og lyselskande mosar som ofte er pionerartar på naken grus etablerer seg i kjørespora. Gras toler tråkk, ettersom dei har vekstpunkt heilt nede ved bakken, og slitasjeskader påverker dermed ikkje vekstpunktet. Urter blir synleg skada umiddelbart etter at kjøringa (eller påverknaden) har skjedd, medan for forveda arter kan effekten være tydlegast først på følgande vekstsesong.

## **Forekomst av permafrost**

Permafrost er definert som frost i bakken året rundt, og blir danna i område med årsmiddeltemperatur omkring 0°C og kaldere. Om sommaren smeltar det øvste laget av permafosten. I Norge finst område med permafrost i høgfjellet (til dømes i Jotunheimen og Dovrefjell), Femunden, aust i Finnmark og på Svalbard (Hofgaard 2004).

Vegetasjonsdekke verkar som isolasjon i område med permafrost og endring av vegetasjonsdekket endrar temperaturbalansen i jordoverflata. Forsøk har vist at permafosten tinar djupare i område der vegetasjonen er fjerna eller ødelagt, til dømes under kjørespor (Råheim 1992). Dette fører til at det blir endra vassbalanse i sommarsesongen, vatnet finn veg gjennom kjørespora og gir erosjonsskader. Overflateskader som følge av endringar i permafrost etter naturinngrep kan oppstå umiddelbart etter påverknaden, eller kan slå ut først etter lang tid. Generelt er effekter av kjørespor større i område med permafrost enn område utan permafrost.

## 1.4 Kva er effektane av motorferdsel på vegetasjon og terreng?

Det som reint mekanisk skjer når det oppstår vegetasjonsslitasje etter terregkjøring i fuktige område er at vegetasjonsdekket blir ødelagt og forsvinn heilt eller delvis. Vegetasjonen har ein stabiliseringseffekt på jorda, og når vegetasjonsdekket blir ødelagt vil også bindinga i jorda forsvinne. Dette fører til at overflatevatnet ikkje renn gjennom jorda, men blir liggande i overflata og fører til meir overflatevatn og auka erosjon i hellande terren (Jacobsen et al. 2004). Ved moderat slitasje vil dette føre til endringar i artssamansetjing, ved at artar som tåler mykje overflatevatn vil overta dominansen.

Det finst nokre få systematiske studier som har undersøkt og målt effektar av motorferdsel på vegetasjon og terren under norske forhold. I tillegg er det gjennomført studier i andre land under forhold som delvis er samanliknbare. Dette gjeld fjellområde og arktiske område, primært i Nord-Amerika, og ein del studiar frå tørre naturtypar andre stader i verda. Erfaringane frå andre land er kritisk vurdert, og kun resultat som har klar relevans for norske forhold er referert i denne rapporten.

### 1.4.1 Effektar på ulik skala

Effektar av motorferdsel på vegetasjon og terren kan på mange vis samanliknast med effektar av ferdsel til fots, men med anna skala både i høve til tid, rom og intensitet. Effektane av motorferdsel blir synlege over større areal, kan oppstå raskare og gi meir dramatiske effektar både estetisk og økologisk.

Ein stor del av vegetasjonsskadane vil gro igjen over tid dersom negativ påverknad opphører, og dersom det ikkje oppstår alvorlege sekundære effektar. Det er ei kritisk grense for slitasje, og når kjøreskadane blir så omfattande at dei påverkar det fysiske miljøet i inngrepet (jorda, dreneringsmønsteret) vil grunnlaget for naturleg gjenvekst være därleg. Heilt konkret vil det bety:

- etablering av ny vegetasjon gå seinare, eller aldri komme i gang,
- den vegetasjonen som etablerer seg vil bli forskjellig frå den som var området før

Nivå for kva som er akseptabelt skadeomfang (estetisk, biologisk) må vurderast i høve til restrikjonsnivå og forvalningsregime. I ein gitt situasjon kan eit markert kjørespor vurderast som uproblematisk, og innebære fordelar som overstig ulempene. Akseptabelt skadeomfang må vurderast i tid og rom. Langsiktig forverring av ein vegetasjonsskade kan på eit tidspunkt komme opp på uakseptabelt nivå.

Studier av kjøreskadar og effektar kan gje ulike resultat avhengig av kva for skala dei blir studert på. På kort avstand (nærverknad) blir gjerne effekten av sporet vurdert ut frå endringar i artssamansetjing eller blottlagt jord. Lange kjørespor som bryt med formene i landskapet, til dømes rette linjer gjennom mosaikkvegetasjon, kan være svært godt synlege på lang avstand (fjernverknad), sjølv om sporet ikkje er spesielt djupt eller dramatisk på nært hold.



*Naturlig gjenvekst av vegrar eller kjørespor gir ofte vegetasjon som er forskjellig fra den opprinnelige, og ein dominans av grasartar er vanleg. Endra miljøforhold på voksestaden gir andre vekstbetingelsar enn før inngrepet, og dermed vil andre arter og plantesamfunn etablere seg.*

*Foto: D. Hagen.*

Studier av kjøreskader og effektar kan gje ulike resultat avhengig av kva for skala dei blir studert på. På kort avstand (nærverknad) blir gjerne effekten av sporet vurdert ut frå endringar i artssamansetjing eller blottlagt jord. Lange kjørespor som bryt med formene i landskapet, til dømes rette linjer gjennom mosaikkvegetasjon, kan være svært godt synlege på lang avstand (fjernverknad), sjølv om sporet ikkje er spesielt djupt eller dramatisk på nært hold.

#### 1.4.2 Kva for endringa kan målast?

Effektar av motorferdsel på vegetasjon og jordsmonn heng tett saman. Jordstruktur, vegetasjonstype, hellingsgrad og vassinninhald er eit nett av faktorar som delvis har gjensidig påverknad på kvarande og delvis forklarar kvarande. Registrering, eller måling, av endringar kan gje rast på kvar faktor for seg, men heng tett saman. Slitestyrken og revegeteringsevnen til ulike vegetasjonstypar er eigentleg ein funksjon av *jord, topografi og vasstilgang*.

På nettet og i norske aviser er det jamleg oppslag om skadar og dødsulykker med snøskuter. Men god (norsk) statistikk og faglege gjennomgangar er det lite av. Solheim (1998) fann at der var 26 dødsulykker i Noreg i perioden 1986 til 1994, i samband med bruk av terrenggående køyretøy (snøskuter, prepareringsmaskiner og beltebil). Avisenes Nyhetsbyrå (ANB) stadfester i eit oppslag 22.01.2005 (<http://www.siste.no/Innenriks/article1426913.ece>) den manglande norske ulykkesstatistikken: " *Ingen vet hvor mange som dør eller blir alvorlig skadd i snøskuterulykker i Norge.*" I oppslaget omtalar leiaren ved Skaderegisteret på Hammerfest sykehus dette som eit stort paradoks og problem. Det er vanskeleg å drive førebygging når ein ikkje kjenner problemet. Statens Vegvesen registrerer berre ulykker som skjer på bilveg. I fylgje eit eige arkiv i avisa Nordlys har minst 11 personar mist livet i Troms, Finnmark og på Svalbard sidan 2000. Sjukehusa i Hammerfest og Harstad fører systematiske registreringar av skuterulykker, men det skal vere unikt i landet. Dei fleste av dei som vart innlagt i sesongen 2002-03 hadde brot og/eller hovudskadar, og dei fleste ulykkene skal ha skjedd under fritidskjøring. Menn mellom 15 og 25 år dominerer.

NRK Troms og Finnmark sette (i eit oppslag i 16. mars 2004) søkelys på koplinga mellom snøskuterbruk, ulykker og alkohol i ei svensk undersøking ved Umeå Universitetssjukehus ([http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk\\_troms/3614958.html](http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_troms/3614958.html)). Konklusjonen her er enkel: di farlegare skade, di større sjans for at den skadde hadde promille, og vidare at tre av fire av alle som dør etter skuterulykker i Sverige er påverka av alkohol. Ein norsk trafikkmedisinsk artikkel (Solheim 1998) er også opptatt av koplinga skuter, alkohol og ulykker, og viser til amerikanske undersøkingar som stadfester kor ofte alkohol er innblanda. Solheim viser også til ei undersøking som konkluderer med at risikoen for fatale ulykker er fire gonger så stor for snøskuterførarar som for bil- eller motorsykelførarar, når ein korrigerer for alder og kjønn.

Ei undersøking av ulykkesregister i Michigan, USA tek for seg skadde born (17 år og yngre) i snøskuterulykker i perioden 1991 til 2000 (DeCou et al. 2003). Michigan er den staten som har flest snøskuterar. Samla tal for staten viste at 22 barn var døde i skuterulykker (70 % gutter, snittalder 14 år), dei fleste av hovudskade. DeCou et al. (op cit.) åtvarar sterkt mot å la barn under 16 år køyre skuter, og at ein må innføre strenge vilkår for kva slag køyring som er lovleg når løyre blir gjeve (det må vere på dagtid, i løyper, med låg fart og utan slede), og at hjelm må vere obligatorisk. Ein studie frå Canada (Rowe et al. 1998) konkluderer med at auka oppsyn langs skuterløyper (eit prøveprosjekt med grupper av spesielt trena frivillige – i eit samarbeid mellom kommune og politi) reduserte kraftig både mengda ulykker og dødsfall.

Ein rapport (framlagt 25. januar 2006) frå Canadian Institute for Health Information (CIHI) slår fast at ulykker med snøskuter dominerer blant dei **alvorlege** ulykkene (basert på den internasjonale Injury Severity Score (ISS) – for definisjon av alvorleg ulykke) innan vintersport i Canada, og slik har det vore dei siste åra ([http://secure.cihi.ca/cihiweb/dispPage.jsp?cw\\_page=media\\_25jan2006\\_e](http://secure.cihi.ca/cihiweb/dispPage.jsp?cw_page=media_25jan2006_e)). Den gjennomsnittlege oppholdstida på sjukehus for dei med skuterskade – over dei fire vintersesongane frå 2000/01 til 2003/04 – var 11 dagar. Over 80 % var gutter/menn. Rapporten seier også at dei forulykka under 20 år har dei mest alvorlege skadane. Tal for siste året viser at alkohol var brukt av halvparten av dei med alvorlege skadar. Skuterførarar ser ut til å få dei mest alvorlege skadane, samanlikna med skadde passasjerar.

Ein tidlegare rapport frå det same instituttet (5. februar 2003) synte at talet på sjukehusinnleggningar etter ATV-relaterte ulykker hadde auka med nær 50 % i perioden 1996/97 (1693) til 2000/01 (2535 innleggingar). Born og ungdom (5 – 19 år) utgjer meir enn ein tredel av alle ATV-skadar. Dette er motsett tendens av det ein ser for trafikkulykker, ulike fallulykker og overfall i Canada ([http://secure.chi.ca/cihibweb/dispPage.jsp?cw\\_page=media\\_05feb2003\\_e](http://secure.chi.ca/cihibweb/dispPage.jsp?cw_page=media_05feb2003_e)).

### 3.4.2 Annan fysisk helseskade

Det er kjent at t.d. snøskuterkjøring kan gje, eller forsterke, ulike helseproblem knytt til risting, kjørestilling, terreng og underlag mm. Det kan vere problem med rygg, nakke, kne, armsmerter, eller kvite fingrar. I ein studie blant profesjonelle brukarar av terrengmaskiner viser Åstrøm et al. (2006) at det er ein samanheng mellom kor mykje ein kører og omfanget av såkalla hand/arm vibrasjon syndrom, samt førekomensten av muskel- og skjellettproblem i nakke og skuldrer. I ein gjennomgang av forsking for perioden 1992-99 (Lings & Leboeuf-Yde 2000) blir det slått kategorisk fast ein samanheng mellom det å utsetje seg for kroppsvibrasjon ("whole body vibration") og sjansen for ryggsmerter ("low back pain"). Slike vibrasjoner må reduserast til eit absolutt minimum, blir det sagt.

Neste kapittel dreiar seg om støy og oppleveling av **støy**. Her går eg likevel litt inn på støy, i den grad fenomenet er presentert og diskutert i forhold til fysisk helse. Griefahn (1998) seier – i ein drøftingsartikkel – at den einaste (fysiske) sjukdom (disease) som har eineårsak knytt til støy, er støyutløyst hørselsskade. Denne er vanlegvis forårsaka av støy i arbeidssituasjonen; støy er faktisk den vanlegaste yrkesskaden. Støyenivået i privatliv, under svevn og i fritid har sjeldan slike konsekvensar, men kan utløyse særleg irritasjon fordi behovet for ro er stort for mange.

Lercher (1996) seier at stadig fleire blir utsette for mykje støy i Europa. WHO har sett ei øvre støygrense ved 55 dB (A) i buområde. Tidleg på 80-talet var 15 % utsette for nivå over 65 dB, medan midt på 90-talet var ein oppe i 26 % av innbyggjarane i Europa. Å utsetje seg for støy er ein helserisiko, seier Passchier-Vermeer & Passchier (2000). Og vidare: det er udiskutabelt (vitskapleg) at støy kan forårsake hørselsskade, høgt blodtrykk og utløyse hjarteinfarkt, i tillegg til å irritere, gje svevnøyse, og redusere læringsevnna. Andre effektar er meir omstridde, t.d. at det skal påverke immunforsvaret. Medisinsk er det ikkje omstridd at ein må redusere støyen i samfunnet, men politisk-økonomisk er det det. Vi har klare politiske mål for støyreduksjon i Noreg, men ikkje prioritert slikt at forvaltninga er i stand til å nå måla. Folk over heile verda blir stadig meir støyutsett, særleg i det daglege levemiljøet. Forfattarane meiner støy blir eitt av dei store folkehelseproblema i det nye hundreåret.

Ei norsk oppsummering (Aasvang et al. 1999) er meir forsiktig i konklusjonen om kva effekt støy har på fysisk helse, bortsett frå faren for hørselsskade. I eit notat (sjå <http://www.fhi.no/> under 'publikasjoner', søk på 'Trafikkmiljø') seier forfattarane at det er "... per i dag ingen sikre holdepunkter for at støy er skadelig for vår fysiske helse." Og vidare: "Men stressrelaterte biologiske endringar kan ha alvorlige konsekvenser for dem som allerede har et svekket hjerte, eller nedsett immunitet ..." Eit springande punkt – som står sentralt i neste kapittel – er i kor stor grad ein kan bli vant til støy over tid. Her spriker faglitteraturen. I det same notatet blir det sagt at "Enkelte studier viser at den psykologiske tilvenninga er større enn den fysiologiske tilvenninga til støy". Og dei avsluttar slik: "Særlig viktig er risikoen for økning av subjektive helseplager, altså helseplager som kan føre til sykmelding og uførhet, men hvor det ikke er noen påvisbar somatisk årsak. ... Dersom det er noen reelle helseeffekter av støy annet enn plage, kommunikasjons-, prestasjons- og søvnforstyrrelser, er de sannsynligvis meget komplekse og forbundet med mer enn en årsaksfaktor."

På 2000-talet har Verdas Helseorganisasjon drive fram forsking i Europa om bumiljø og helse, og her står støy sentralt (t.d. WHO Europe 2004). Ein ser i hovudsak på støynivå som ligg godt under farenivået for hørselsskade, og påviser samanhengar mellom støyeksponering og risiko for hjarteinfarkt og høgt blodtrykk. Det er døme på publiserte arbeid som viser noko usemje om kor sterk effekten er, men ikkje om at det er ein samanheng.

### 3.5 Oppleving av støy – den største konflikten?

Dette er eit fagleg komplisert felt fordi det er så mange individuelle og situasjonsbestemte faktorar som verkar inn på graden av irritasjon. Ei fagleg samanstilling (Marquis-Favre et al. 2005) – med over 200 referansar – summerer fagfeltet over dei siste 30 åra og konkluderer med at det er svært avgrensa kor langt ein kjem i allmenn vurdering av fenomenet "irritasjon" (annoyance) ved berre å ha kjennskap til kvalitetar ved den lyden (støy) som eventuelt forårsakar irritasjonen. Ein visar til studiar som konkluderer med at berre 20 - 30 % av irritasjonen ved støy kan forklara med dei fysiske/akustiske sidene ved støyen. Personlege faktorar som haldningar, personlegdom, sosialpsykologiske og sosialdemografiske forhold, samt situasjonsbestemte forhold verkar sterkt inn – og ikkje minst samspelet mellom desse. I eit svensk arbeid har ein funne at det ikkje berre er graden av irritasjon som varierer mykje mellom individ, men også oppfatninga av sjølve lydstyrken.

Den nemnde gjennomgangen legg stor vekt på det ein kallar ulike typar 'haldningar' og skil ut seks kategoriar av slike. Ein type haldning gjeld frykt; dei som har ei frykt i høve til det som forårsakar støyen har ein tendens til å bli meir irriterte. Dette er særleg tydeleg i høve til irritasjon over støy frå fly, tog og biltrafikk. viser at frykt kan utløse ein ekstra irritasjonseffekt som tilsvavar ein auke i støynivå tilsvarande opptil 19 dB.

Den andre kategorien gjeld haldningar til det objektet som lagar støyen. Er ein negativt innstilt blir ein meir irritert. T.d. viste Miedema & Vos (op cit.) at folk som er økonomisk avhengige av ein transport som forårsakar ein viss type støy, samt dei som er brukarar av denne transportmåten (og støykjelda) vert mindre irriterte enn ikkje-brukarar. Andre studiar stadfester ikkje nødvendigvis slike samanhengar.

Folk har ulik sensitivitet overfor (ulike typar) støy. Også dette kallar Marquis-Favre et al. (op cit.) ein haldningsfaktor. Dette er ein av dei sterkeste forklaringsvariablane når det gjeld graden av irritasjon. I to ulike studiar (m.a. Miedema & Vos (op cit.)) har ein funne ut at skilnaden mellom moderat sensitive og særleg sensitive personar utgjer ein "irritasjonsskilnad" som elles ville krevje ein auke på inntil 11 dB i støynivå. Studiar har også vist at introverte og nervøse menneske er meir vare for støy.

Kva ein person held på med medan han/ho blir utsett for støy verkar inn på kor irritert denne personen blir. Om vedkomande er i ei samtale, slappar av, høyrer på radio, eller prøver å koncentrere seg om noko vanskeleg, så er dette situasjonar der er ein – forståeleg nok – blir lett irritert av støy. Oppfatninga av det miljøet ein har ikring seg verkar også inn. Oppfatninga av miljøet er viktigare for graden av irritasjon enn den objektive miljøtilstanden i seg sjølv. Fleire studiar påviser korleis ulike sansingar samverkar. Er støyen kombinert med t.d. ubehageleg eksos-lukt så aukar irritasjonen over lyden. Er det ei trerekke mot vegen så dempar det irritasjonen av trafikkstøyen (sjølv om allein ikkje reelt verkar inn på lydnivået). Men slik komplisert samverknad gjeld også andre vegen: Det er vist i ein eksperimentell studie (Mace et al. 1999) at helikopterstøy (alt ved 40 dB, og endå sterkare ved 80 dB) reduserte den estetiske verdsettinga av eit landskap.

I eit feltsperiment i Tromsø er det påvist at skiløparar som møtte ein snøskuter i løpet av turen hadde ei signifikant lågare trivselsoppleveling av turen, enn den kontrollgruppa som ikkje opplevde skuteren (Vittersø et al. 2004). Målet med eksperimentet var nettopp å undersøke eventuelle effektar av det å møte snøskuter når ein er ute på skitur. Eksperimentet vart gjennomført slik: Ei tilfeldig gruppe skigårarar fekk møte ein snøskuter, og ei lita stund etterpå vart dei bedne om å svare på eit spørjeskjema om korleis dei opplevde turen og om haldningane deira til motorisert ferdsel i utmark generelt. Ingen av spørsmåla dreia seg om den skuteren dei møtte. Ei kontrollgruppe svarte på dei same spørsmåla, men utan å ha møtt snøskuter. Resultatet viste at skigårarar eksponert for snøskuteren hadde redusert opplevingsverdi av turen samanlikna med kontrollgruppa. I tillegg viste det seg at det å møte ein enkelt snøskuter også verka inn på deltakarane sitt generelle syn på om lyden frå snøskuter øydelegg kvaliteten av

skigåing generelt. Det tyder at folk som svarar på spørjeskjema om temaet tilsendt i posten, altså i etterkant av sjølve turopplinga, truleg undervurderer kor irriterande støy er for deira friluftsliv.

Sosiodemografiske forhold (kjønn, alder, utdanning, yrke, familietype, inntekt etc.) har ein langt svakare innverknad på irritasjon, enn forholda nemnt ovanfor. Nasjonalitet ser ut til å ha liten innverknad, men det er påvist regionale skilnader etter t.d. grad av kulturarv, livsstil mm (Gjestland 1998, i Marquis-Favre et al. 2005). Kvalitetar ved sjølve situasjonen, eller personlege erfaringar knytt til støy, kan verke sterkt inn på opplevinga. Korleis ein t.d. har det med støy i arbeidssituasjonen verkar inn på korleis ein opplever støy i heimesituasjonen. Tid på året og tid på døgnet kan ha innverknad. Eit par studiar (referert i Marquis-Favre et al. (op cit.)) har vist at ein kan vere meir var for støy om sommaren enn om vinteren, og meir var på kvelden og tidleg natt enn tidlegare på dagen.

Marquis-Favre et al. (2005) diskuterer og det komplekse ved samanhengar støy – individ – liv – miljø (etc.) i høve til irritasjon, fordi det er så mange variablar som samverkar. Det at fleire samverkande parametrar er til stades ved slike studiar gjer at dei stiller spørsmål ved validiteten – altså: er dette gyldige studiar når ein prøver å isolere delparametrar "... *that are usually considered in isolation*" (kanskje siktar dei til laboratoriesituasjonen som eit ideal)? Dei har ein gjennomgang på ulike målemetodar, men alle innafor ein kvantitativ tradisjon. Mi vurdering er at dette komplekse skulle tilseie at ein må ta samverknaden på alvor og heller gå inn i det mangesidige samspelet, gjennom kvalitative studiar (t.d. djupe intervju med enkeltindivid utifra visse livs- og miljøkriteria). Det bør vere éin konsekvens av deira metodekritikk, men dei kjem ikkje sjølve opp med det alternativet.

Mykje av støydiskusjonen som er referert ovanfor er på sett og vis presentert "for dramatisk", fordi det faglege ofte berre har indirekte relevans for fritidsbruk av natur. Lite støyforsking er knytt til friluftsliv og naturbruk. Men det er eit viktig poeng, slik t.d. Iwasaki & Schneider (2003) vektlegg, at stadig fleire har ein stressa kvardag der ein prøvar å meistre dette stresset. Fred og ro i naturen står heilt sentralt i ei kvalitativ undersøking om kvifor turen er så viktig (Vistad 2006). Støy er ein av dei viktige stressfaktorane, og støy på arbeid og i bummiljø grip stadig meir om seg. Verdas Helseorganisasjon legg no stor vekt på dette. Noreg har sidan 2000 hatt ei politisk mål om å redusere støyplaga med 25 % innan 2010 (i høve til 1999-nivå). Denne ambisjonen er ein iferd med å redusere – ikkje fordi støyproblemet har blitt mindre, men fordi målet er heilt unrealistisk: Ein har ikkje (prioritert) verkemiddel til å omsetje målet til praktisk handling. Fritida kan difor sjå ut til å bli ei stadig viktigare "lomme" for å dempe eller kome vekk frå plager som bygger seg opp gjennom arbeidet, i kvardagen eller i eit bummiljø utsett for t.d. trafikkstøy. Det er ikkje særlig relevant å snakke om høyrselsskade og andre kroppslege plager for skiløparen som møter ein snøskuter, om det ikkje er vert ei ulykke. Men det er ytтарst relevant å snakke om støy og irritasjon for denne skiløparen – fordi heller ikkje skituren blir ein situasjon der ein kjem seg vekk frå det som byggjer på stress og irritasjon i kvardagen. Dette kan vere ein vesentleg årsak til at konflikten mellom motorisert og ikkje-motorisert bruk av naturen ligg konstant på lur når dei møtest.

### **3.6 Støy i friluftsområde og verneområde**

Det meste av forskinga med ei slik arealtilnærming er nordamerikansk, særleg den som refererer til fenomenet motorferdsel, støy og verneområde. Denne er ikkje alltid relevant for norske forhold, fordi det oftast er strenge reglar for motorferdsel i norske verneområde, medan det er ein legitim aktivitet i / over mange amerikanske verneområde – også i enkelte nasjonalparkar og gjerne av kommersielle grunnar. Eit klassisk døme er dei skiftande (politisk styrt?) reglane og vurderingane for bruk av snøskuter i Yellowstone National Park (t.d. Davenport & Borrie 2005, Peacock 2004). Elles knyter dei fleste nasjonalpark-motor-studiar seg til støy frå fly (Gramann 1999, Miller 1999).

Det vart gjort ei postal undersøking i Trøndelag (frå Trondheim til det grisgrendte) på slutten av 90-talet (Vorkinn 1999). Nokre spørsmål dreia seg om støy og friluftsområde: "Hvor viktig er det for deg at du slipper å høre lyder fra ..., når du bedriver friluftsliv generelt?" Og spørsmåla listar opp ni aktuelle motoriserte støykjelder. Resultata seier at militære jagarfly, vegtrafikk og skuter er dei mest negative. Og slik støy er det viktigare å unngå di meir "urørt" turområdet er – særleg i nasjonalparkar, dernest i urørt område på fjellet, eller i skogen. Andre mønster i materialet er at det er viktigare for folk frå Trondheim og andre tettbygde strøk å unngå slik støy, enn for folk i grisgrendte strøk. Det er særleg dei som ikkje hadde køyrt skuter siste året som målber ønsket om støyfritt miljø. For dei Trondheimsfolk som ikkje hadde køyrt skuter siste året vart også støyfri bymark markert særleg sterkt, og for denne gruppa var også lysta til å unngå skuterstøy om lag like sterkt som lysta til å unngå militære jagarfly.

Også den omtalte regionale undersøkinga frå tre byar og tre landdistrikta i Nord-, Aust- og Sør-Noreg tok for seg oppleving av lyd/støy når dei driv med fritidsaktivitetar ute. Av ulike opprampa lydkjelder blir lyden frå snøskuter rekna som den mest ubehageleg (i gjennomsnitt). Men variasjonen i oppleving kjem tydeleg fram: Dei såkalla Motorglade opplever lyden frå snøskuter som 'nøytral' medan dei såkalla Friluftsglade syns den er 'ubehageleg'/svært ubehageleg' (Skår 2004, Vistad & Skår 2005b).

Frå (særleg) USA og New Zealand er det mange forskingsarbeid på helikopter- og flystøy i elles over nasjonalparkar og villmarksområde (Wilderness areas). Det er delvis snakk om (kommer sielt viktig) turistflyging, men også om militær aktivitet, flybruk i forvaltninga mm. Flyaktiviteten er dokumentert konfliktfylt i høve til (mange sin) ikkje-motoriserte måte å bruke og oppleve parkane på, og konflikten ser ut til å vere aukande. Generelt (altså uavhengig av studieområde) når det gjeld oppleving av støy frå motoriserte transportmiddel så syns studiar at eit visst desibelnivå blir opplevd verre når det kjem frå flytrafikk enn når det kjem frå tog- eller vegtrafikk. Flystøy over verneområde har to prinsipielt negative effektar – den fjernar den naturlege stilla som oftast vil vere over slike område, og den kan redusere trivselen til (andre) brukarar av området. Frå visse forskarar blir det argumentert med at psykologisk kunnskap (oppleving, reaksjon) må vektleggast i policy-utviklinga for t.d. Villmarksområda. Igjen viser forsking at vurderingar av overflyging er fleirdimensjonal – mange faktorar samverkar: dei personlege (hjå den som opplever), omfang, høgde og frekvens i flytrafikken, støy nivå etc (Mace et al. 2004, Tarrant et al. 1994).

Ei nyleg framlagt norsk doktoravhandling (Krog 2006) presenterer korleis endring i støy nivå frå flytrafikk (før-etter nedlegging av Fornebu, og før-etter etablering av Gardermoen) påverkar bruk og trivsel i turområda omkring. Krog påviser at både nedgang og auke i støymengda påverkar trivselen og turopblevinga, i den forstand at støy blir opplevd negativt. Arbeidet stadfester også t.d. det fenomenet som eg har omtalt før, nemleg at mange andre forhold ved situasjonen og "gjennomføringa av friluftslivet" (kvifor ein var ute, lengda på turen mm) påverkar korleis ein opplever støyen.

### **3.7 Økonomiske effektar**

Skuterturisme er ein viktig del av turismen på Svalbard (Svalbard Reiselivsråd/Arvid Viken 2004). Det andre viktige vinterproduktet er turar med hundeslede. Skuterturismen hadde eit særleg stort oppsving fram mot tusenårsskiftet. Talet feltdøgn vart meir enn dobla frå 1997 til toppåret 2001. Etter den tid har det vore nedgang for skuterturismen. Totalt omfang av turar med turoperatør med hundeslede, var i 2003 om lag 1/3 av talet organiserte turar med snøskuter. Men til gjengjeld har det vore ein kraftig vekst i talet turar med hundeslede, parallelt med nedgangen i tal skuteturar. Det var nesten ei dobling av sledeturar med hund (som det også var for organiserte turar med skuter) frå 1997 til 2001, men for hundesledeturar har auken fortsett nesten like kraftig til 2003. Også leigeskuterturismen har vist nedgang i den same perioden (op cit.). Stadig større del av turismen ser ut til å skje organisert og i nærområdet til Longyearbyen. Båe delar er i tråd med det ein offisielt ønskjer seg for turistutviklinga på Svalbard. Dette

har både med økonomi å gjere, men og erfaringa med kvar problem og ulykker dukkar opp – det skjer nemleg mest blant dei som reiser individuelt (dvs. uorganisert), samt med dei fastbuande.

Både norsk miljøforvaltning og reiselivsnæringa ønskjer å framstille og selje Svalbard som det "best forvalta villmarksområdet i verda" med nettopp eit nært samarbeid mellom forvaltning og reiseliv. T.d. har Miljøverndepartementet utarbeidd ein eigen rettleiar (T-1096) for turisme og friluftsliv på Svalbard. Det blir stilt spørsmål ved om skuter- og helikopteraktiviteten på Svalbard er ein trussel mot denne "image-bygginga"? Prestrud (2003) meiner at støy og forsøpling er blant dei mest konfliktfylte tema i samanheng med ferdsel på Svalbard: "*Omfattende motorisert ferdsel i terrenget er lite forenlig med det som tradisjonelt omfattes av villmarksbegrepet.*" Men turismen står for ein ganske liten del av motorferdselen; forvaltninga og forskinga på øygruppa er ansvarleg for langt meir.

Canada har ein annan profil som vinterdestinasjon: Den strategiske visjonen er å bli den leiande snøskuterturisme-destinasjonen i verda. I deira "National Snowmobile Tourism Study" (Canadian Tourism Commision 2002) skisserer dei eit stort spekter av skuterturisme-produkt. Poenget er m.a. å doble innalands-skuterturismen. Men skuterturismen i Canada er ikkje utan konfliktar. Ein domstol i Quebec tilkjente i 2004 oppsitjarar ved ei godkjent snøskuterløype økonomisk kompensasjon pga. av helseeskadeleg støynivå (svevnlyse og nerveproblem pga opp til 1500 skuterpasseringar i døgnet), i tillegg til at 30 km av løypa vart stengt. Representantar for snøskuterturismen fryktar dei økonomiske konsekvensar for næringa dersom domen gjev presedens.

I desember 2005 la *International Snowmobile Manufacturers Association* ([www.snowmobile.org/pr\\_bdbusiness.asp](http://www.snowmobile.org/pr_bdbusiness.asp)) fram ein studie av den enorme økonomiske effekten snøskuterbruken har på landsbygda i USA. Overskrifta er: "*Snowmobiling is a 27 Billion Dollar Business*" (i USA), og det meste av omsetninga er frå turismesrelatert aktivitet (altså ikkje primært sal, service etc. av snøskuterar). Ein viser også til studiar gjort ved universitet i Iowa, i New Hampshire og i Minnesota om omfattande auke i skuteraktiviteten og i inntektene den kastar av seg.

Coupal et al. (2001) har analysert snøskuteraktørane i Wyoming og sett på det økonomisk utbytte for samfunnet. Dei viser til ein studie frå tidleg 90-tal som synte at tilreisande skuterturistar tilførte nær 110 millionar dollar pr. år til staten. I sin eigen studie identifiserer dei ulike skuter-segment (etter motivasjon og utbytte – sjå tidlegare omtale). Desse fem er 1) Naturelskarar som vil vere aleine, 2) Dei som vil oppleve alt, 3) Dei som vil vere aleine, men utan for mykje spenning, 4) Naturelskarar, men utan for mykje spenning, og 5) Naturelskarar, på tur med familie og venner. Dei påviser ulikt forbruk og difor ulik avkasting for dei ulike segmenta. I denne studien kasta segment 3 "mest av seg" og segment 2 minst.

Spørsmåla omkring inntekter frå skuterturisme har også stått sentralt i debatten om det skal vere lovleg å køyre snøskuter i Yellowstone National Park (og i andre parkar) i USA. Denne debatten og konflikten illustrerer mange utfordringar kring motorferdsel, og potensialet for inntekter er ein av dei (sjå elles om temaet i kapittel 3.6, om forvalningsutfordringar). Det same gjeld konflikten kring overflygingar (småfly) i nasjonalparkar i t.d. USA og New Zealand, og tilhøyrande støyproblem. Denne problematikken har også ei økonomisk side, nemleg tap av inntekter (eller inntektpotensiale) til omkringliggende lokalsamfunn.

Vil streng regulering av t.d. skuterbruk uvilkårleg redusere høva for vinterinntekter frå turisme? Tala frå Svalbard om utviklinga i skuterturismen i høve til bruken av hundespenn er eitt døme på at det finst alternative aktivitetar. Jacobsen (2003) viser kva utanlandske vinterferiegjester meiner om støy og stille i samband med ferien i Noreg. Oppleving av stille er viktig for det store fleirtalet – 1/3 meiner det er svært viktig og ein annan tredel ganske viktig. Særleg er det mange frå Tyskland som poengterer dette. Og det viktigaste er å oppleve stilla under sjølv ferien i norske landskap. Det er særleg viktig for dei som er her lenge, og blant dei som kjem

tilbake etter tidlegare opphold i Noreg. Dei som går på "bortoverski" er meir negative til støy enn dei som brukar "nedoverski". Difor er det kanskje logisk at flest (69 %) i denne siste gruppa ("nedoverski") også kunne tenke seg å prøve snøskuter på ein seinare ferietur til Noreg. Men det kunne også mange (44 %) av dei som primært hadde brukt "bortoverski". Forfattaren tolkar denne tilsynelatande inkonsistensen i materialet som at turistane ikkje ser for seg at snøskuter er noko som fører med seg støy eller uroing i friluftsområda, men kanskje heller noko som vert nyttå i spesielle løyper eller på tilrettelagde område for skuter og liknande.

I den svenske fjellregionen er ski- og skuterbruk dei to store vinterproduktene. Ei landsomfattande undersøking frå 1999 viser at blant dei som har vitja regionen har 80 % køyrt alpint, litt under 30 % har gått dagsturar på ski, og om lag 25 % køyrt skuter (Heberlein et al. 2002). Berre 2 % har gått overnattingsturar på ski (og nyttå hyttesystemet). 10 % av vintergjestene har ikkje gått på ski i det heile. Berre 7 % av dei som hadde køyrt skuter hadde berre køyrt skuter. Svært få utlendingar brukar dei svenske fjella – både vinterstid og elles. Fredman & Heberlein (2003) drøftar endringar i aktiviteten – blant svenskane – frå perioden 1980-84 og fram til perioden 1995-2000, på bakgrunn av to nasjonale undersøkingar. For det fyrste aukar aktiviteten mest i dei sørlegaste fjellområda (Dalarna), og det som aukar er alpint (frå 22 % til 36 %), og snøskuterkjøring (frå 9 % til 16 %). "Bortoverski" ligg stabilt på 22 % i både periodane. Noko av auken i skuterbruk tilskriv dei det gode høvet for å leige skuter, sjølv om turistane primært er i fjella for andre formål. Ein viktig grunn til at bruken av Dalarna aukar mest blir forklart med kort reiseavstand frå der flest svenskane bur, samt det nye mønsteret med fleire og kortare turar.

Funäsdalsprosjektet er rekna som eit særleg godt døme på vellykka planlegging og gjennomføring av eit "skutertiltak", og ikkje berre det: Ein har også klart å redusere omfanget av ulovleg kjøring og konfliktane mellom ulike interessegrupper, gjennom intensiv styring og hyppig oppsyn, skilde og fast opparbeidde trasear for skuterbruk og skigåing, samt langsiktige avtaler med grunneigarane. Dette skal vere det fyrste system av skuterløyper i Europa der drift og skjøtsel fullt og heilt blir finansiert gjennom avgifter (og ev. bøter ved ulovleg kjøring) som skuterbrukarane må betale. Etablering av skuterfrie sonar er ein del av systemet. Funäsdalsprosjektet blir kort presentert i eit nyleg framlagt svensk nasjonalt "Snøskoterprogram" (Vägverket Region Norr 2006).

### 3.8 Oppsummering – korleis handtere konfliktar og asymmetri?

Gjennomgangen av den forskingsbaserte litteraturen om effektar av motorferdsel for menneske og samfunn har synt at dette er eit vidt felt som forskingsmessig er behandla ganske fragmentarisk. Forskinga viser at mange av problema ved motorferdsel er knytt til ulike haldningar, kulturelle skilnader og som konfliktfylte møte mellom ulike verdiar, mål og preferansar. Det er ein tendens at arbeida fokuserer på negative effektar av motorferdsel, sjølv om motorferdsel av mange vert opplevd som positivt – det gjev trivsel, lettar tilgangen til mange område, uttrykkjer valfridom og gjev arbeidsplassar. Men utan styring og regulering kan motorferdsel i utmark ha store negative sosiale konsekvensar – kanskje difor at plussidene er "underforska".

Studien frå Södra Jämtlandsfjällen (Lindberg et al. 2001) påviser noko typisk, nemleg at konflikten mellom ski og skuter er asymmetrisk: skuter irriterer skiløpar, men skiløpar irriterer ikkje skuterkjøyarar. Irritasjonen kom sterkest fram der det var direkte kontakt mellom ski og skuter (i felles løyper/ traseear). Og det som irriterer sterkest er støy, dernest bensinlukt og så synet av skuteran. Det å fysisk skilje dei ulike aktørane er eit viktig grep. Den same asymmetrien kan ein og lese ut av den norske undersøkinga i tre regionar og byar. Asymmetri er i det heile eit gjennomgangstema i litteraturen: dei ikkje-motoriserte blir i regelen irritert i møtet med dei motoriserte, som ikkje blir tilsvarande irriterte på dei ikkje-motoriserte (Vistad & Skår 2005b).

Dette er ei av dei store utfordringane, **dersom** ein ønskjer å liberalisere reglane for skuterbruk. Korleis få til eit forvaltningsregime som kjem skuterfolket sine ønskje om rekreasjonskjøring i

møte, men som ikkje byggjer nye konfliktar i høve til skifolket og andre grupper? Kan ein t.d. lære gode grep av forvaltningsmodellen i Funäsdalen (Vägverket Region Norr 2006), eller frå det norske motorferdselsforsøket (sjå Skår & Østdahl 2005)?

Når det gjeld eventuell liberalisering av norske reglar og forskrifter om motorferdsel i utmark, så syner haldningsundersøkingar at det er ønske om å halde strenge reglar for barmarkskjøring, også i meir "motorliberale" strøk av landet. Når det gjeld bruk av snøskuter så er det sprikande resultat, både mellom regionar, og innan den enkelte region, avhengig av kva transport- eller køyreformål det er snakk om. Resultata tyder på at særleg ønsket om transport til hytte kjem sterke opp, saman med ønsket om eigne rekreasjonsløyper. Dette bør utløyse ein klar strategi og ei presisering av reglane om transport fram til hytte (inkludert leigekjøring). Dessutan bør ein ha vurdert alternativet med vinterbrøytte vegar fram til hytter og hyttefelt – kva er minst ønskeleg, skuter eller veg? I eit tid med auka krav til standard, service og lett tilkomst kan fort dette vere alternativa, og ikkje valet mellom skuter og ski.



*Skutertransport fram til hytta er ei særleg aktuelle problemstilling. Foto: Børre K. Dervo*

Konfliktar knytt til motorferdsel i utmark er ikkje berre ein praktisk, opplevingsmessig konflikt mellom ulike aktivitetar som ein lett kan tilrettelege seg bort frå. Det er i like stor grad ein kultur- og verdikonflikt – eit møte mellom ulike verdisystem. Forenkla sagt er det "Fred, ro og muskeltransport" som møter "Fart, spenning og motortransport". Men det er berre delvis snakk om to verdisystem. Folk kan ikkje enkelt delast i to leiarar; for mange er det situasjonsbestemt om ein prioriterer motor eller ikkje utifrå varierande behov og mål.

### 3.9 Referansar folk og samfunn

- Canadian Tourism Commision 2002. The National Snowmobile Tourism Study. An Overview. (sjå [www.canadatourism.com](http://www.canadatourism.com))
- Cordell, H. K. & Tarrant, M. A. 2002/2005. SOCIO-6: Forest-Based Outdoor Recreation. Southern Forest Resource Assessment Draft Report. Southern Research Station, USDA Forest Service and Warnell School of Forest Resources, The University of Georgia. [www.srs.fs.fed.us/sustain](http://www.srs.fs.fed.us/sustain)
- Coupal, R. H., Bastian, C., May, J. & Taylor D T. 2001. The Economic Benefits of Snowmobiling to Wyoming Residents: A Travel Cost Approach with Market Segmentation. *Journal of Leisure Research* 33/4: 492-510.
- Davenport, M. A. & Borrie, W. T. 2005. The Appropriateness of Snowmobiling in National Parks: An Investigation of the Meaning of Snowmobiling Experiences in Yellowstone National Park. *Environmental Management* 35/2: 151-160.
- DeCou, J. M., Fagerman, L. E., Ropele, D., Uitvlugt, N. D. Schlatter, M.G. & Connors R. H. 2003. Snowmobile Injuries and Fatalities in Children. *Journal of Pediatric Surgery*, 38/5: 784-787.
- Driver, B.L., Tinsley, H. E. A. & Manfredo, M. J. 1991. The paragraphs about leisure and recreation experience scale: Results from two inventories designed to access the breadth of the perceived psychological benefits of leisure. I: Driver, B.L., Brown, P.J., & Peterson, G.L. (red.) *Benefits of leisure*. Pennsylvania: State College, Venture Publishing
- Ewert, A. W., Dieser, R. B. & Voight, A. 1999. Conflict and the Recreational Experience. I: Jackson, E. L. & Burton, T. L. (red.) *Leisure Studies. Prospects for the Twenty-First Century*. Pennsylvania: State College, Venture Publishing.
- Fredman, P. & Heberlein, T. A. 2003. Changes in Skiing and Snowmobiling in Swedish Mountains. *Annals of Tourism Research*, 30/2: 485-488
- Gjestland, T. 1998. Regional differences in noise annoyance assessments. Proc. Inter-Noise, Christchurch, New Zealand, 2: 1129-1132.
- Gramann, J. 1999. The Effect of Mechanical Noise and Natural Sound on Visitor Experiences in Units of the National Park System. *NPS Social Science Research Review* 1/1: 1-16
- Griefahn, B. 1998. Noise as a potential health hazard. *Nervenheilkunde* 17/1: 23-29.
- Heberlein, T. A., Fredman, P. & Vuorio, T. 2002. Current Tourism Patterns in the Swedish Mountain Region. *Mountain Research and Development* 22/2: 142-149.
- Iwasaki, Y. & Schneider, I. E. 2003. Leisure, Stress, and Coping: An Evolving Area fo Inquiry. *Leisure Sciences* 25: 107-113.
- Jacob, G.R. & Schreyer, R. 1980. Conflict in Outdoor Recreation: A Theoretical Perspective. *Journal of Leisure Research* 12, s. 368-380
- Jacobsen, J. K. S. 2003. Utenlandske turisters opplevelser av stillhet og støy i norske vinterlandskap. TØI rapport 687. Oslo: Transportøkonomisk Institutt.
- Krog, N. H. 2006. Studies on aircraft noise in local outdoor recreational areas: Experiential and behavioral effects of changes in noise exposure. Ph. D. Thesis. Faculty of Medicin. University of Oslo.
- Lercher, P. 1996. Environmental noise and health: An integrated research perspective. *Environment International* 22/1: 117-129.
- Lindberg, K., Denstadli, J. M., Fredman, P., Heldt, T. & Vuorio, T. 2001. Skiers and snowmobilers in södra Jämtlandsfjällen: Are there recreation conflicts? Working Paper 12. Östersund, Sverige: ETOUR.
- Lings, S. & Leboeuf-Yde, C. 2000. Whole-body vibration and low back pain: a systematic, critical review of the epidemiological literature 1992-1999. *Int. Arch. Occup. Environ. Health* 73: 290-297.
- Mace, B. L., Bell, P. A. & Loomis, R. J. 2004. Visibility and natural quiet in national parks and wilderness areas. *Psychological Considerations*. *Environment and behavior* 36/1: 5-31.
- Mace, B. L., Bell, P. A. & Loomis, R. J. 1999. Aesthetic, Affective, and Cognitive Effects of Noise on Natural Landscape Assessment. *Society & Natural Resources* 12: 225-242
- Marquis-Favre, C., Premat, E., Aubrée, D. 2005. Noise and its Effects – A Review on Qualitative Aspects of Sound. Part II: Noise and Annoyance. *Acta Acustica united with Acustica* 91: 626-642.
- Miedema, H. M. E. & Vos, H. 1999. Demographic and attitudinal factors that modify annoyance from transportation noise. *Journal of the Acoustical Society of America* 105: 3336-3344.
- Miljøverndepartementet (udatert). Forvaltningsplan for turisme og friluftsliv på Svalbard. Veileder T-1096.

- Miller, N.P. 1999. The effects of aircraft overflights on visitors to U.S. National Parks. *Noise Control Engeneering Journal* 47/3: 112-118.
- MIMI (Markeds- og Mediainstituttet) 1992. Innføringsbok i bruk av Norsk Monitor. MMI, Oslo
- Passchier-Vermeer, W. & Passchier, W. F. 2000. Noise Exposure and Public Health. *Environmental Health Perspectives* 108/1: 123-131.
- Peacock, B. 2004. *Economic analysis of Temporary Regulations on Snowmobile Use in the Greater Yellowstone Area. Final Report*. RTI International / National Park Service, Fort Colling Colorado.
- Pedersen, K. 1999. "Det har bare vært naturlig". Friluftsliv, kjønn og kulturelle brytninger. Dr. scient avhandling, Norges Idrettshøgskole, Oslo.
- Pedersen, K. 1998. Kulturbrytninger i friluftslivet. I: DNT. Motorferdsel i utmark. Kultursymbol eller forfallstegn? Seminar Stjørdal januar 1998.
- Pedersen, K. 1994. Med snøscooter som livsform: skisse til forståelse av friluftsliv i regionalt og kjønnet perspektiv. I: Emmelin, L. (red.) Nordiskt seminarium om friluftslivsforskning. Nordplan 22-24/4-1992. Rapport 1994:3. Stockholm: NORDPLAN.
- Presterud, P. 2003. Vurdering av landmiljøet på Svalbard: Påvirkning, tilstand og tiltak. <http://miljo.npolar.no/mosj/mosj/reviews/revie>
- Rowe, B. H., Therrien, S. A., Bretzlaaff, J. A., Sahai, V. S., Nagarajan, K. V. & Bota, G. W. 1998. The effect of a community-based surveillance program on snowmobile injuries and deaths. *Canadian Journal of Public Health* 89/1: 57-61.
- Skår, M. (2004). Trivsel i natur, opplevelse av lyd og miljøverninteresse. Resultater fra et forskningsprosjekt om forholdet mellom motoriserte og ikke-motoriserte aktiviteter. I: Direktoratet for Naturforvaltning. *Landskonferanse Friluftsliv*, Tromsø, 2-4 juni 2004. DN Notat 2004-3.
- Skår, M. & Østdahl, T. 2005. Evaluering av forsøk med ny forvaltningsordning for motorfersel i utmark. Sluttrapport. NINA Rapport 90. Trondheim/Lillehammer, Norsk Institutt for naturforskning.
- Skår, M. & Vistad, O. I. 2001. Motorferdsel i utmark. Oppsummering av faglig og forvaltningsmessig status. Fagrappoort 046. Trondheim/Lillehammer: Norsk Institutt for Naturforskning.
- Solheim, K. 1998. Snøscooterulykker – en spesiell trafikkmedisinsk utfordring. *Tidsskrift for Den norske lægeforening* 118: 1348.
- Svalbard Reiselivsråd/Arvid Viken 2004: Reiselivsutviklingen i Longyearbyen. Evalueringrapport. Longyearbyen, Svalbard: Svalbard Reiseliv AS.
- Tarrant, M.A., Haas, G. E. & Manfredo, M. J. 1995. Factors Affecting Visitor Evaluations of Aircraft Overflights of Wilderness Areas. *Society and Natural Resources* 8: 351-360.
- Vaske, J., Dyar, R. & Timmons, N. 2004. Skill Level and Recreation Conflict among Skiers and Snowboarders. *Leisure Sciences* 26: 215-225.
- Vaske, J.J., Donnelly, M. P., Wittmann, K. & Laidlaw, S. 1995. Interpersonal Versus Social-Value Conflict. *Leisure Sciences* 17: 205-222.
- Vägverket Region Norr 2006. Arbetsgruppens förslag till Snöskuterprogram. Kiruna: Vägverket.
- Vistad, O. I. 2006. Å lade batteria. Om turen som kroppsleg og mental restaurering. I: Lerkelund, H. E. (red.). *Rapport fra konferansen Forskning i Friluft 2005, Røros 1. og 2. desember*. Oslo: FRIFO (Friluftslivets Fellesorganisasjon).
- Vistad, O. I. & Skår, M. (2005a). Regionale skilnader i synet på endring av regelverket om bruk av snøskuter i utmark. Utmark 6/1 ([www.utmark.org](http://www.utmark.org))
- Vistad, O. I. & Skår, M. (2005b). Lystig naturbruk – med og utan motor? Om trivsel i naturen, haldning til miljøvern og konflikter ved motorisering. Utmark 6/1 ([www.utmark.org](http://www.utmark.org))
- Vittersø, J., Chipeniuk, R., Skår, M. & Vistad, O. (2004). Recreational conflict is affective. The case of cross-country skiers and snowmobiles. *Leisure Sciences* 26: 227-243
- Vorkinn, M. 1999. Synspunkter på støy i friluftsområder. Notat/Særtrykk. Lillehammer: Østlandsforskning.
- World Health Organisation Europe 2004. Review of evidence on housing and health. Background document. Fourth Ministerial Conference on Environment and Health. Budapest, Hungary, June 2004
- Åström, C., Rehn, B., Lundström, R., Nilsson, T., Burström, L. & Sundelin, G. 2006. Hand-arm vibration syndrome (HAVS) and musculoskeletal symptoms in the neck and the upper limbs in professional drivers of terrain vehicles – A cross sectional study. *Applied Ergonomics* Vol. 6: 793-799,
- Aasvang, G. M., Ihlebæk, C., Ursin, H. & Engdahl, B. 1999. Trafikkmiljø, stress og helse. Rapport, Oslo: Nasjonalt Folkehelseinstitutt.



# NINA Rapport 187

ISSN:1504-3312

ISBN 10: 82-426-1745-7

ISBN 13: 978-82-426-1745-3



**Norsk institutt for naturforskning**

NINA Hovedkontor

Postadresse: NO-7485 Trondheim

Besøksleveringsadresse: Tungasletta 2, NO-7047 Trondheim

Telefon: 73 80 14 00

Telefaks: 73 80 14 01

Organisasjonsnummer: 9500 37 687

<http://www.nina.no>